

# Nei til ny arbeidstidsordning for lærarar

**I januar braut lærarorganisasjonane forhandlingane med KS, arbeidsgiverorganisasjonen for kommunene. Grunnen til brotet er at KS ynskjer at lærarane skal ha ei mindre fleksibel, meir normert, arbeidstid. Visst lærarane ikkje kan jobbe kveld og helg, så vil ikkje elevane få igjen vurdering før mange månader etter innlevert arbeid. Med lovfesta "vurdering for læring", er dette openbert eit brot med den linja norsk utdanningspolitikk skal føre. Grøn Ungdom meiner at det allereie er nok inngrep i lærarane sin undervisningskvardag, KS må halda fingrane av fatet!**

I dag jobbar lærarane, eit såkalla komprimert arbeidsår, 39 veker i året. I tillegg til dei fire vanlege ferievekene, avspaserer dei for overtida dei har jobba resten av året. Dette gjer det mogleg å førebu seg på kveldstid, gi vurdering på arbeid innan kort tid, rette prøvar og ha kontakt med foreldre. No vil KS fjerne denne ordninga, og tvinge læraren til å jobba til dømes fra kl. 08 til kl. 16. Dette vil i realiteten seie at læraren kun har to timar kvar dag, mellom 14 -16, der dei skal gjere alt anna enn å undervise.

Om læraren sin fleksibilitet i eigen arbeidskvardag vert innskrenka i så stor grad, manglar dei ikkje lenger berre anstendig løn og tillit frå politikarane, dei mistar og fridomen i eigen arbeidskvardag. Grøn Ungdom meiner at ei ordning med fast kontortid for lærarane vil få store konsekvensar for både læraren, eleven og foreldre. Alle foreldremøter, alle samtalar mellom skule og heim og all planlegging må skje i kontortida. Dette vil til dømes føre til at læraren får mindre tid til å følgje opp elevar med særskilde behov.

Vidare vil den nye ordninga føre til at elevane må vente lenge på vurdering. Grøn Ungdom meiner at elevane ikkje skal måtte vente på tilbakemelding i nesten eit halvt år. Fagleg sett er det uforsvarleg, og det gjer at vurderinga vert fullstendig ubrukeleg til alt anna enn å rangere elevar med tanke på vidare utdanning og yrkesliv. Skulen skal vere ein stad der barn og unge kan utvikle kunnskap og eigenskapar, då trengs det tilbakemelding og moglegheit til å forbetre seg.

Kanskje ville kommunane ha spart nokre kroner på forslaget om ny arbeidstidsordning, men kostnaden for samfunnet ville vore mykje større. Grøn Ungdom krev at lærarane får behalde moglegheita dei har til å rå over eigen arbeidstid og at elevane får halde på retten til tett oppfølging! Nok er nok, det trengs ikkje fleire inngripen i læraren sin undervisningskvardag!